

FAU-møte, Ulveset skule, 6.6.2019, 20:00

Møtt: Cecilie Mangerøy, Anette Larsen, Odd Jarle Kleppe, Stig Alvheim, Anne Irene Ulveseth, Lene Habberstad, Anja Ulveseth Heggen, Elen Elvebakk (ref.)

Meldt forfall: Steinar Elverum

Sak 1: Innkalling, referat.

Kommentar om sein innkalling

Sak 2: 17.mai.

Vi har ikkje oversikt over alle utgifter og inntekter enno.

FAU ønsker strammare tøyler på arrangementet på skulen, ein treng ikkje finne opp hjulet på nyt kvart år.

Dokumenta som tidlegare har hatt erfaringar i namnet må endre namn til MAL FOR FEIRINGA PÅ ULVESET SKULE. Leiar lager utkast til neste FAU-møte i august, vedtatt versjon skal vere klar til årsmøtet.

FAU sørger før eit første konstituerande møte første veka i november, og følger opp tettare enn før.

Sjekke om vi kan få kommunene til å betale utvask.

Viktig å visa omorg overfor hjelparane frå 6.klasse.

Få inn i mal at vi må selge vatn (evt setje fram mugger med vatn ute på varme dagar).

Sak 3: Søknad om penger til Vi-festivalen

FAU stiller seg positive til arrangementet, men har dessverre ikkje midlar

Sak 4: Rektorstillingen

Solveig Ellingsen har sagt opp stillingen som rektor. Stillinga vil bli lyst ut etter gjeldande lovar og reglar.

FAU har sterkt ønske om at konstituert rektor Kjetil Nordås skal halde fram i stillinga. Skal vi sende brev til skulesjefen på vegne av FAU, SMU og SU?

FAU-VEDTAK: Einstemmig FAU stiller seg bak brevutkastet opplest på møtet.

Eventuelt

Sak 5.1.: Opplæringslova § 9-4. Lærebøker og andre læremiddel:

I andre fag enn norsk kan det berre brukast lærebøker og andre læremiddel som ligg føre på bokmål og nynorsk til same tid og same pris. I særlege tilfelle kan departementet gjere unntak frå denne regelen.

Digitale læremidlar støtter i beste fall delvis nynorsk målform. Svar frå kommunen er at ein håper dette blir betre når "forлага no blir tvungen til å tenke nytt".

Sak 5.2.: Foreldre på 3.trinn - som ikkje er ei digital klasse - får no vekeplanar berre på epost. Foreldre meiner at så lenge dei ikkje er digitale må ein iallefall få vekeplan på papir.

Sak 5.3.: Gang- og sykkelveg på sørsida av skulen. Mats Korneliussen, overingeniør i Statens vegvesen har gitt eit ikkje altfor positivt svar. Imidlertid noterer vi at Ordføraren har sendt inn søknad om tilskot, så vi er forsiktig optimistiske. Diskusjon om kva handlingsrom vi har.

Sak 5.4.: Diskusjon om kor og korleis møtereferat frå FAU blir publisert.

Ikkje vedtak - saka utsatt

Møte heva 21:20